




NR 1, 2025 KIRKJELYDSBLAD FOR SOKNA I HØYANGER KOMMUNE 93. ÅRG

I dette nummeret
kan du lese om:

- Påskefeiring i Ukraina
- Altertavla i Lavik
kyrkje
- Ein pioner i friviljug
arbeid
- Dåp og
konfirmasjonsførebuing

God påske!



Utklipp frå altertavla i Lavik.

HELGESTUNDER

Kyrkjelydsblad for Høyanger, Kyrkjebø, Lavik, Bjordal & Ortnevik sokn. **I redaksjonen:** Sturla Bell Fossen, Toril Lange, Vidar Myren, Sissel Sørebo, Andreas Ester.

Layout og trykk: Printfarm AS

Pengegåver vert mottekne med takk!

Bankgiro: 3705.24.53659 - Vipps 716593



MEDLEMSTAL HAR NOKO Å SEIE FOR KYRKJEØKONOMIEN

Den norske kyrkja er i følge grunnlova folkekyrkje. Det vil seie at kyrkja har ansvar for å vere til stades og gje tilbod om hjelp i glede og sorg over heile landet. Dette er ei stor oppgåve, og økonomisk er det utfordrande.

I desember vedtok kyrkjerådet at 65 årsverk skal kuttast i administrasjonen innan mars. Denne nedbemanninga vil kunne gje ein reduksjon i kostnader på 65 millionar kroner. Med dette tiltaket vil budsjettet for Den norske kyrkja vere i balanse først i 2026.

Ein har ynskje om å verne lokal-kyrkja mest mogeleg. I Høyanger

var medlemstalet i Den norske kyrkja 1. jan. 2025 3050. Tal medlemmer betyr noko for kva tilskot kyrkja får. Det betyr igjen noko for kva tilbod vi kan gje i sokna i Høyanger kommune. Det er viktig at alle er klar over dette, slik at dei som gjerne vil ta imot tilbod frå kyrkja og er glad i kyrkjehusa og det som skjer der, passar på at dei står som medlem i kyrkja.

Dette kan enkelt ordnast digitalt ved å gå inn på kyrkja.no, der ein vidare kan logge inn sikkert gjennom ID-porten.

Sissel Sørebo



www.kyrkja/hoyanger/
www.facebook.com/kyrkjaihoyanger/
www.instagram.com/kyrkjai/

Høyanger kyrkjekontor

Marcus Thranes gt.3. Pb. 159
6991 Høyanger
Telefon: 57 71 41 00
post.hoyanger@kyrkja.no

Lavik kyrkjekontor

Postadr.: Pb 14, 6946 Lavik
Telefon: 57 71 41 00
post.hoyanger@kyrkja.no

Adm. sekretær: Renate Ø. Dale

Jobbmobil: 404 58 649
E-post: post.hoyanger@kyrkja.no

Prost: Knut Magne Nesse

Brendøyvegen 26, 6906 Florø
Mobil: 917 13 275
E-post: knut.magne.nesse@kinn.kyrkja.no

Sokneprest Høyanger/Kyrkjebø:

Andreas Ester, 6947 Lavik
Mobil: 452 21 737
E-post: AE639@kyrkja.no

Diakon i prestestillinga i Lavik og Bjordal/Ortnevik

Inger Cesilie Fitje, 5962 Bjordal
Mobil: 908 94 788
E-post: IF267@kyrkja.no

Kyrkjevevjerje: Stig Jonny Fitje

Mobil: 917 63 803
E-post: SF729@kyrkja.no

Organist: Peter T. Jobbagy

Mobil: 909 84 617
E-post: PJ@kyrkja.no

Kyrkjemusikar: Harald Dahlstrøm

Mobil: 454 40 644
E-post: harald.dahlstrom@gmail.com

Leiarar av sokneråda:

Høyanger: Vidar Myren 913 11 283
Kyrkjebø: Sturla B. Fossen 994 94 745
Lavik: Toril Lange 916 89 459
Bjordal og Ortnevik:
Camilla M. Ådland 481 10 684

Leiar kyrkjeleg fellestråd:

Sturla Bell Fossen 994 94 745

Kyrkjetenarar

Kyrkjebø, Vadheim og Høyanger:
Irene Aase Aarseth tlf. 970 12 977
Lavik: Olav Hellebø tlf. 900 84 912
Ortnevik: Joar Oppedal tlf. 411 00 587

KIRKENS SOS: Tlf. 22 40 00 40

DEN TOMME KROSSEN

Når kyrkjeklokkene ringer påskehøgtida inn påskeaftan, vitnar dei om at kyrkjehusa er berarar av historie og kontinuitet i bygdene og byane våre. Til saman dannar dei ei lenke som bind oss til kvarandre. Det er som dei syng oss saman.

I vårt bispedøme er vi medvitne om ei tusenårig historie med lag på lag av menneskets tru og tilbeding. Steinane og veggane i kyrkjehusa er levande fordi dei har teke imot smerte og lidning, glede, kjærleik og sorg frå dei som har vore her før oss. Dei speglar gudslengt og gudsnærvær.

Det paradoksale er at dei også gjev rom for å synleggjere gudsfråvær.

Det sterkaste symbolet i kyrkjerommet vil alltid vere krossen. Symbolinnhaldet i krossen er fleirtydig. Den er eit dødsinstrument. Den er teiknet på oppstoda, og den er uttrykk for sameininga mellom Gud og menneske i Jesus Kristus. Krossen, slik vi kjenner den, vil alltid vere knytt saman med påskens budskap: Jesu lidingssoge, hans død og oppstode.

I påskeforteljinga sine dramatiske døgn er det også ei tid då verda ikkje har nokon Gud. Frelsaren er i denne timen død. I kyrkjekunsten kjem det til uttrykk i motivet som skildrar korleis Jesu døde kropp vert teken ned frå krossen. Eit likklede vert



strekt mellom krossarmene. Mannen som sa at han var Gud, viser seg å vere av kjøt og blod som resten av oss. Og sjølv om vi som ser motivet også veit at berre om nokre få dagar, på påskemorgon, skal kristne over heile verda jublande syngje «Kristus er oppstaden», er det som om vi enno ei tid må leve med eit opent spørsmål utan eit sjølv sagt svar. – Kva vil skje med oss? Kan verkeleg livet sigre over døden?

Verdas angst og menneskets oppleving av det meningslause, av gudsfråværet, må også ha sin stad. For viss vi ikkje torer å setje ord på at det er slik, kan vi heller ikkje tale truverdige om at Gud som lir og døyr langfredag, også deler alle menneskes langfredagar. Og at oppstoda si glede og livskraft ein dag skal bli alle menneskes glede og livskraft.

Vi treng budskapet om håpet og om den tomme grava. Vi treng det i vår del av verda, vi treng det over heile verda. Vi treng det no! For verda er råka av krefter som vil vondt. Det er vanskeleg å ta inn over seg den mengda av frykt og død vi ser omkring oss, nær oss og langt borte. Framfor denne påskehøgtida kjenner vi det igjen, og vi må ta det inn over oss.

I påsken feirar vi at lyset vinn over mørket. Og at vi skal få leve i det lyset. Det er ikkje lovnad om eit liv der alt er godt og smerte ikkje skal vere. Livet har lært oss at dagane kan vere mørke og sorga kjennes som ei klo i bringa som aldri slepp taket.

Men dei kreftene Jesus tek oppgjer med i gravkammerets rom, dei skal ikkje ta overhand. Dei skal ikkje sigre.

For Livet og Håpet er sterkare!

Døden må vike for Gudsrikets krefter!

Livet er gjemt i et jordekket frø.

Se, i oppstandelsens tegn skal vi leve.

Se, i oppstandelsens lys skal vi dø.

(Svein Ellingsen, Norsk salmebok nr 209)

Av biskop Ragnhild Jepsen

PÅSKEFEIRING I UKRAINA

Alina Kladchenko kom som flyktning til Norge og Høyanger sommaren 2022. Ho har master i prosjektleiing, og er godt utdanna for jobben ho no har på avdelinga for kultur og mangfald i Høyanger kommune. Mange har sikkert treft henne på Coop Extra i Høyanger, der ho jobba tidlegare.

Alina kjem frå byen Kharkiv. Ho fortel at ikkje alle er like religiøse i Ukraina. Nokon går i kyrkja kvar søndag, andre berre i høgtidene. Sidan Ukraina er eit stort land, så er det regionale forskjellar i påske-tradisjonane. Før påske er det 40 dagar faste. Dette er ei tid for ettertanke, å vere snill, ikkje krangle og førebu seg til påske. Palmesøndag pyntar dei med ris av nye skot frå tre, «gåsungar». Det er tradisjon å «piske» kvarandre med desse. Dette er ei lykke-ønsking og ønske om god helse. Skjærtorsdag og langfredag er ikkje fridagar som i Noreg. Torsdag må ein stå opp tidleg, for då skal ein vaske seg før soloppgang. Dette bringer ein nærare Gud. Bestemor til Alina pla byte gardiner den dagen. Og ho pynta i huset. Langfredag er ein stille dag, då skal ein berre gjere nødvendige ting. Ein skal i alle fall ikkje arbeide i hagen. Natta mellom fredag og laurdag er det vanleg å gå i kyrkja. Kyrkja er open, og presten er tilstades. Og i kyrkja er det song. Alina pla gå i kyrkja kl. 03.



MAT I PÅSKA

I Ukraina er det vanleg med paska, som er eit søtt påskebrød. Det vert pynta med glasur. Dette brødet vert laga med cottage cheese. Paska liknar på det italienske brødet panettone. Å måle påskeegg er ein ukrainsk kunstform. Det finst mange forskjellige mønster. Eller ein kan gjere det enkelt, og måle dei einsfarga. I byen Vegreville i Canada fekk ukrainske emigrantar i 1975, reist ein stor skulptur av eit

ukrainsk påskeegg. Eller pysanka, som det heiter i Ukraina. Påskedag i sekstida serverer ein salta steikt svinekjøt med flesk, pølser og brød, egg og salt. Og vin til drikke. I påska er det vanleg å feire med middag saman med vener og familie.

PÅSKEHELSING

Frå påskedag og i tre dagar helsar ein kvarandre på ein spesiell måte. Den første seier: «Kristus er oppstanden», svaret er «Han er sanneleg oppstanden». Dette er heilt normalt. Når ein møter familie kyssar ein kvarandre tre gonger på kvart kinn. Dette symboliserer den treeinige Gud.

Sidan Ukraina følger den julianske kalenderen når det gjeld høgtider, fell påska ofte på andre datoar enn i Noreg. Men i år er det likt. Medan i fjor var feiringa på ulike datoar. Då feira Alina påske to gonger. I år vert jula i Ukraina feira på same dag som hos oss. Dei unge ynskjer å endre datoane for feiring av høgtider, dei vender seg mot Vesten. Medan dei eldre er meir opptekne av tradisjonane. Alina håpar at datoane for feiring av høgtider vert lik i Ukraina og Vesten.

Helgestunder takkar Alina for det ho har delt om tradisjonane sine. Ho har allereie lært mykje norsk, og vi håpar at ho finn seg godt til rette i Høyanger-samfunnet.

Vidar Myhren



I KYRKJA PÅ KINO PÅSKEMORGONEN



Ein gong i året er vi i Lavik kyrkje på kino – og det er på sjølve påskemorgonen! Vi ser Jesus kome «sigrande» ut av grava, lett og utan strev stig han opp frå sarkofagen han var gravlagd i. Med atletisk kropp ser han strålande vakker ut. Nesten ikkje spor å sjå etter pisking og krossfesting. Biletet har prega førestillinga om påska i heile Noreg sidan det heng i over 80 norske kyrkjer kopierte etter originalen i Bragernes kyrkje i Drammen. Det var Adolph Tidemand som laga maleriet. Han lærte hos dei fremste kunstnarane i si tid – og studerte i Italia kunsten til den gresk-romerske antikken (der denne type kiste er ifrå) og til renessansen. Samanliknin-

ga med film er ikkje tilfeldig, sidan det var blitt vanleg å arbeide med modellar på atelieret som i ein moderne filmproduksjon i dag.

Maleriet ser veldig konkret, fysisk og historisk «objektivt» ut. Skapar eventuelt inntrykket av at det kunne ha vore mogleg å bli tilskodar til oppstodehendinga. Men det kan ikkje tenkast ei større mistyding. Alle fire evangelia er heilt samstemde i at absolutt ingen fekk sjå det som skjedde på sjølve påskemorgonen, ingen var vitne då han kom ut av grava – eller i augneblinken han vart vekka opp og reiste seg. Soldatane som maleriet viser og evangeliet nemner, dei kom ikkje til tru (elles ville det blitt fortalt), dei fekk heller ikkje sjå han slik. Påske ei hending som ingen menneske skulle få lov til å sjå med egne auge. Her har eit kraftig teologisk forbod sine røter som vart halde i hevd i mange hundreår, eit tabu mot å vise oppstandelsen i kunsten. Alt startar med at grava var tom, Jesus var vekke. Og alle påskefortellingar er tydelege på at den oppstadne Kristus lever, men er ikkje akkurat som før. Han er fysisk forandra, han kjem og går gjennom vegger og dei kjenner han ikkje att. «Sæle dei som ikkje ser, og endå trur», seier Jesus til tvilaren Tomas (Joh 20, 29).

Vi kan ikkje tru på påska på grunn av eit visuelt «bevis» for at det har skjedd. Det finst ikkje eit tilskodarperspektiv på påskehendinga. Vi må vere involverte. Først måtte dei lære seg å skjønne og å tru, tru på at det er han, at han lever – og så kunne dei «sjå» han og kjenne han att. Etterpå, etter at vi som læresveinane og kvinnene ved grava har møtt han og har kome til trua på at han lever, kan trua sin fantasi teikne eit bilete av korleis det eventuelt såg ut, då alt dette gjekk føre seg. Då kan vi gled oss og gå på kino. På påskemorgonen.

Andreas Ester sokneprest

INGEN KAN BERE SEG SJØLV

Fleirtalet som bur i Noreg er medlemmer i Den norske kyrkja, og dei fleste vel framleis dåp. Likevel er den prosentvise nedgangen tydeleg i heile landet. Årsakene til dette er mange, og det blir naturleg å spørje: Kvifor skal vi døype?

Det korte og enkle svart er; Vi døyper fordi Jesus sa at vi skulle gjere det! I dåpen tek Gud imot oss som sine born. Vi vert ein del av Gud si verdsvide kyrkje. Dåpen markerer ein ny start og set livet inn i ein større samanheng.

Det som skjer i dåpen er eit mysterium, og ord kan ikkje fullt ut beskrive det som skjer. Men dåpen er ei gåve frå Gud, gitt av nåde, tre handfuller vatn, auste opp i namnet åt Faderen, Sonen og Den heilage ande til evig liv.



Livet rommar både det som er godt og det som er vanskeleg. Vi er både sterke og sårbare, og vi treng å høyre til i ein samanheng - i eit fellesskap. Når vi ber eit barn til dåpen blir vi minna om at ingen kan bere seg sjølv – vi treng nåden og vi treng kvarandre!

Tradisjonen vår er å bere barn til dåpen. Vi feirar det nye livet og legg barnet i Guds hender. Men det er aldri for seint å bli døypt, og i år er det 3 konfirmantar som har teke val om dåp. Ein av desse er Marcus som vart døypt i samband med konfirmantleiren på Alværa. I samtale med Helgestunder seier Marcus at både konfirmantleiren og dåpen var ei fin oppleving. Marcus vart ikkje døypt då han



var liten, og sidan han ønskte å bli konfirmert, vart dåp eit naturleg val. Marcus seier at han kvidde seg litt, men at han fann roen utover dagen. Dåpen var ein eigen seremoni etter avslutningsgudsteneista på konfirmantleiren, og Marcus seier at det var stille og trygt. Det var fint å dele dagen med familie, fadrar og ein annan konfirmant som vart døypt denne dagen. Etterpå var det kyrkjekaffi med mange gode kaker, og seinare på dagen var familie og fadrar samla til middag på hotellet. Marcus seier at dagen er eit godt minne å ta med seg, og at førebuingane til konfirmasjonsdagen i mai no er i full gang!

Då Marcus vart døypt, svara han sjølv ja på spørsmål om han ville bli døypt. Når små barn blir døypte, svarer foreldre derimot på vegne av barnet. Slik var det også då Olav vart døypt i Kyrkjebø kyrkje 03.03 2024.



For foreldra, Linn Elisabeth og Jan Erik, var dåp eit naturleg val. Dei opplever dåpen som ein fin tradisjon, og eit uttrykk for å høyre til. Til Helgestunder seier Linn Elisabeth at dåpen gjev del i eit fellesskap, eit fellesskap som dei er opptekne av å gi vidare. Slik synest ho også det er viktig å komme når kyrkje inviterer til babysong, utdeling av 4-årsbok, Tårnagent m.m – arrangement og tiltak som er ein del av kyrkja si trusopplæring.

For Linn Elisabeth og Jan Erik var det naturleg og fint å samle familien til dåpsfest. Så er det mange som kjenner at det å skulle planlegge og gjennomføre ein dåpsfest er krevjande. Å bli døypt krev derimot ikkje noko stor markering, mange gjester og eit stort budsjett. Også på dette området kan det enkle ofte vere det beste, og kyrkja har siste tiåret hatt tilbod om drop-in dåp fleire stader. Mange gjev uttrykk for at dei set pris på det enkle som denne type dåp representerer, samstundes som dei opplever det som meningsfullt og høgtideleg å bli døypt. Derfor; det er aldri for seint å velje dåp! Vi har ikkje hatt tilbod om drop-in dåp i Høyanger, men om no-

kon ønskjer å bli døypt, vil vi vere med og legge til rette for det – uavhengig av om ein ønskjer ein stor fest eller ei enkel markering.

Velkommen til dåp!

*Vi søker og ser etter veia å vandre,
vi drømme og ber om eit hus for kvarandre
Der døra e' høy, og porten e' vid
Og husfaren si' «kom hit, kom hit»!*

*Vi vil oss et bygg med hjerte og hode
som huser det sanne, det glade og gode,
men også gir plass og lar lysene brenne
for dem som det vonde og onde får kjenne.*

*Vi kommer som spurv og svaler til rede
med titusen sanger om sorg og om glede,
og mottar velsignelsen inn under hud
forbundet med livet, forbundet med Gud.*
Ola Bremnes

Inger Cesilie Fitje

Biko - Bokklubb for kristen tru, håp og undring

Biko - Bokklubb for kristen tru, håp og undring, tidlegare kalt Dåpsklubben Tripp Trapp, sender ut bøker, spill, leikar og musikk i postkassa til tusenvis av barn fleire gonger i året. Gjennom forteljingar, bilder og musikk opnast det opp for tru, håp og undring.

Bokklubben er et tilbod til deg som ynskjer at barn du er glad i skal få møte og lære om kristendommen og kristen tru. Ofte er det foreldre, fadrar eller besteforeldre som melder barnet inn i klubben.

SALMEBOK I DÅPSGÅVE

Kyrkjebø sokneråd har vedteke å gje dåpsborn i soknet ei salmebok i gåve. Kvifor det? Alle har vel ei salmebok heime frå før?

Kanskje det, og i så fall er det bra! Me meiner likevel at sameleis som brudepar får ein bibel, så kan dåpsborna få ei salmebok. Bruk dei bae – også i heimane!

Me har ein stor og rik salmeskatt, og kan finne salmar i boka til ein kvar livssituasjon. Dette er eit arvegods me må få vidareført kunnskap om til nye generasjonar.

Det har vore gledeleg mange dåpshandlingar siste året. Gåva er eit teikn på at fellesskapet ser det ansvaret me har for å ivareta dei døypte og foreldra i kyrkjelyden.

I boka står barnet sitt namn, og ei helsing frå kyrkjelyden. Ved utdelinga minner presten om at det både er ei salme- og ei bønne-bok.

Soknet håpar at auka kjennskap til- og bruk av boka, er heimane til hjelp i læra om den kristne forsakinga og trua som dei ved dåpen lovar å oppdra borna sine i.



SJÅ KVARANDRE FRÅ NYE SYNSVINKLAR, SJÅ NYE ANSIKT


KONFIRMANTWEEKEND PÅ ALVÆRA 2025

45 konfirmentar frå heile Høyanger kommune pluss Hyllestad var samla på Alværa siste helga i januar i år. Runar Matsui-Li, Inger Cesilie Fitje og Andreas Ester var hovudleiarar, Erick Nsabimbona og Maren Andrea Hellem var med som ungdomsmedarbeidarar. Harald Dahlstrøm kom på søndag og jobba med musikken. Ei kjempefin helg skulle dei få oppleve.

Venskap og Jesus som ven var hovudtema gjennom heile helga. Etter romfordeling fekk vi servert god og fersklaga mat. Det sosiale samveret, leik og latter prega oppstarten på fredag kveld, så fekk vi sjå klipp frå ein ny TV-serie om Jesus (*The Chosen*).

Laurdag jobba vi på ulike måtar med temaet. Fotoa viser delar av dette opplegget. Etter førebilete av venskapsikonet (frå 600talets Egypt) stod vi i ring

og la armene rundt kvarandre. Slik som vi ser på ikonet at Jesus legg armen rundt venen sin, skulle alle kjenne at dei er inkluderte i hans og vår venskap, at alle har noko å bidra med og at venskap og fellesskap er noko utruleg sterk og viktig og at dette er eit sentralt element i den budskapen Jesus ønsker å formidle i den kristne trua vår. Og så skulle alle to og to teikne silhuett-portretter av kvarandre, noko som krev å sjå nøye på detaljar. Og det gjorde alle heilt stille og med full konsentrasjon.





Erick var med på Alværa som ungdomsleiar. Han hadde ansvar bl.a. for leikar på laurdag kveld og uteleik same ettermiddagen. Veret var ikkje akkurat innbydande då, men ingen av konfirmantane ville gje seg i løpet av tre kvarter trass mykje regn. Vi vil presentere han med eit lite intervju.

Kan du fortelje litt om deg sjølv, om oppveksten, skulen, favorittfaget?

Eg voks opp i Førde med mor mi og fleire søsken, så vi var ein stor familie. Favorittfaget mitt har lenge vore matematikk. Eg har alltid likt tal betre enn for eksempel norskfaget. Seinare vart eg glad i gym også. I andre klasse begynte eg å synge, i fleire år var eg med i Førde gutekor. No syng eg i Førde kammerkor. Eg har mellom anna sunge «Himmel på jord» som solostemme og Mozart Requiem med kammerkoret. Snart skal vi på konsertreise til Tyskland med nordiske komposisjonar.

Korleis kom du inn i kyrkjeleg ungdomsarbeid?

Eg har vore speidar sidan 4. klasse, har seinare tatt leiarkurs. Så har eg vore med på leir med Førdekonfirmantane i fleire år, og på vakuumveke for 1. til 4. klasse i siste sommarferieveke.



Korleis var det å vere med på Alværa med konfirmantane frå Høyanger? Kva liker du best med å jobbe med barn og ungdom?

Dei skal ha det gøy. Som ungdomsleiar er eg ikkje så mykje eldre enn dei, og spesielt gutane er veldig på og har lettare for å spørje meg enn dei andre vaksne leiarane. Det er lettare å bli vener med meg.

Kva utdanning har du mest lyst på?

Eg ser for meg å ta fagbrev i salsfaget. Helst har eg lyst å drive med å selje bilar, dette har eg drøymt om sidan eg var liten. Eg liker både det tekniske og det sosiale i denne jobben.

*Andreas Ester (tekst)
Runar Matsui-Li (foto)*

BJARNE HELLEBØ – EIN PIONER I FRIVILJUGT ARBEID

Noko av det kjekkaste eg gjer, er å selje lodd, seier Bjarne Hellebø. Anten det no er på dørene eller i samband med ein marknad. Då kjem eg i prat med mange interessante menneske. Eg møter folk som eg elles aldri ville snakka med.

Bjarne kan nesten ikkje hugse alle dei samanhengane han har vore involvert som friviljug. Det begynte vel i konfirmasjonsalderen då eg var aktiv i Ungdomslaget, så vart det Skyttarlaget, og litt i politiske ungdomsorganisasjonar. Seinare vart det jo eit stort engasjement i Røde Kors på ulike nivå. Så vart det nokre periodar i kommunestyret og formannskapet. I kyrkjeleg samanheng vart det sokneråd og fellesråd, og fleire år som friviljug kyrkjetenar. Det er vel einast i idrettslag eg ikkje har hatt noko verv, seier Bjarne, men eg har vore medlem, og trena i Trivselskjellaren. Men no har det vore kjekt å delta på treninga for dei eldre i skulen, i regi av Frisklivssentralen.

KULTURPRISEN

- Men då du fekk kulturprisen frå kommunen i



Bjarne Hellebø, klar til å ringje til gudsteneste.

2020, så var det vel ikkje minst for arbeidet med restaurering av Bispestova?

Vi har vore fleire som har vore engasjerte i Venneforeininga for Bispestova. No er vi 23 medlemmer, men dei fleste av oss er eldre, så her trengst det ei fornying. Det har vore svært interessant å arbeide med historia til dette gamle bygget. Enno er vi ikkje heilt i mål når det gjeld forhistoria, men vonar at dette huset kan vere eit lokalt museum og ein stad for ulike kulturarrangement. Og vi er på god veg til å få ei form på dette.

Elles er det nok Røde Kors som tidlegare engasjerte meg mest. Her var eg i 1975 med å starte Lavik Røde Kors Hjelpekorps, og i to periodar var eg leiar for Høyanger Røde Kors. Det var også mange samlingar på fylkesplan og sju landsmøte som førte til at eg vart kjend med mange menneske rundt omkring i bygdene.

TENESTE I KYRKJA

- Du har hatt ulike verv i kyrkjeleg samanheng – korleis har du opplevd det?

Det har eg også hatt glede av. Eg er vaksen opp i ei tid der det var nesten obligatorisk å gå i kyrkja om søndagen. Eg hugsar at på dei store høgtidsdagane var det så fullt at nokre berre fekk ståplass i kyrkja. Eg meiner at kyrkja framleis spelar ein veldig viktig rolle i lokalsamfunnet. Sjølv om mange ikkje er å sjå i gudstenesta til vanleg, så betyr både bygningen og gravplassen og dei kyrkjelege handlingane mykje for dei fleste.

Vi spør kva han trur kunne gje meir deltaking på dei vanlege søndagane. Bjarne seier at det er nok fleire ting som spelar inn. Først må vi forstå at folk i dag har så mange aktivitetar som tek merksemda i helgane. Men utover det trur han at folk i større grad burde få eit medansvar for det som skjer, og fleire burde medverke ved kvar gudsteneste. Vi ser gode døme på dette når barn og unge deltek. Men vi har mange einskildpersonar og lag og organisasjonar som kunne utfordrast til medverknad – og ikkje minst spreke pensjonistar som gjerne har

rimeleg god tid. Det er krevjande dersom alt søndag etter søndag kviler på presten og organisten åleine. Det kan bli litt tørt. Kanskje kunne ein hatt eit friviljug team som planla og deltok i kvar gudsterneste? Litt variert musikk, kunne t.d. live opp.

BØR ELLER INSPIRASJON

- Etter eit travelt liv som bonde – har alt det friviljuge arbeidet vore ei bør?

Nei, på ingen måte. Det friviljuge arbeidet har gjeve glede og inspirasjon. Eg har lært mykje og kome i kontakt med mange menneske eg elles ikkje ville møtt. Og så er det oppmuntrande å sjå at det skjer noko og at vi kan få til noko nytt. Sjølv kunne eg aldri tenkt meg å bu i ein by. Men skal det vere godt og triveleg i bygda, så må vi alle vere med på å halde oppe dei gode tilboda, møtepunkta og aktivitetane som vi har, skule, butikk, bensinstasjon, helsesenter, kyrkje, forsamlingslokale, arrangement for alle aldrar osv. Og vi må vise i praksis at vi bryr oss om kvarandre. Eg blir litt bekymra når eg ser unge, som ser ut til å vere meir opptekne av mobiltelefonen enn livet rundt seg.

Vi lurar på kva Bjarne aller helst kan tenkje seg å halde på med no framover i ein alder av 82. Jau,



Foto: Geir Sørebo

seier han, mest av alt likar eg å hogge ved, og så må eg finne plass til eldregymnastikken – og så vonar eg at eg kan vere med litt til i Bispestova.

Geir Sørebo



Bispestova. Frå venstre Øystein Borlaug Risnes, Einar Nilsson og Bjarne Hellebø.

MIN PÅSKESALME

Maria Zimmermann Espeseth bur i Lavik saman med mann og 3 born. Ho jobbar som lærar på Lavik skule og er dette året lærar på 5.-10. trinn. Maria skriv følgjande om sin påskesalme.

Jeg har mange, gode minner fra påsketida i kirka. Som barn var jeg med på alle gudstjenester som var i påska, og ble veldig godt kjent med salmesangen. Derfor er det vanskelig å velge seg en salme. Salmene beskriver en seier uten sidestykke. Ikke bare tok Jesus på seg våre synder, men han beseiret døden ved å stå opp igjen!

Som liten hørte vi mye på kassett i bilen, og til påske var «Hosianna» av Levende lys, kassetten som ble hørt. Favorittsangen min var nok Påskedagsvise av Kristin Solli Schøien. Her ses oppstandelsen fra en annen, kanskje litt barnlig synsvinkel. Jeg ser fortsatt for meg en liten englegutt som spretter rundt, skremmer soldatene, og vekker Jesus opp fra de døde.

Påskedagsvise

*Tenk om du var den engelen
som Gud gav beskjed:*

*Å fly på første påskedag,
fra himmelen hit ned.*

*Som listet deg på engleben
igjennom hagen der graven lå,
og plutselig fikk se en sten
med keiserseglet utenpå.*

*Soldatene som stod på vakt
ble redde da du kom
fordi du hadde engleklær
og lo, og lyste sånn.
Men du løp over stenen,
da du hadde klart å velte den,
og ropte: Hei, godmorgen, Jesus,
Du er levende igjen!*

*Maria gråt da hun kom frem
mot graven til sin venn.
Forskrekket så hun stenen,*



*noen hadde veltet den!
Hun tittet inn i graven og
ble redd da hun fikk se deg der.
Du lo og sa, han lever nå,
han ligger ikke her!*


*Du er jo ingen engel
med englevinger på,
men vi er alle sendebud
for Gud har bedt oss gå,
til alle, alle mennesker
og vise dem at vi er glad
og rope: Hei, god påske!
Jesus er stått opp i dag!*

Maria


Sangen kan blant annet høres på Spotify.



Barnas



LABYRINT
Hjelp Maria
å finne
vegen til
grava.



FARGELEGG biletet av Jesus som viser seg for Maria etter at han døydde og stod opp att.



Teikning: Chiara Bertelli

Hemmeleg melding til agentar

Bruk agentalfabetet for å tolke meldinga.

כז קכזק זכז

קכז זכז

Vitsar:

- Du luktar så godt i dag. Kva har du teke på deg?
- Reine sokkar.

Det mystiske agentalfabetet:

ה ז א ב ג ד ה ו ז ח ט י כ ל מ נ ס
A B C D E F G H I J K L M N O


פ ק ר ש ת ו ז ח ט י כ ל מ נ ס
P Q R S T U V W X Y Z æ ø å



Gi bladet Barnas
til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvane er
henta frå bladet.

Bestill abonnement
på sondagsskolen.no
eller 22 08 71 00



Har du
høyrte om han
som søv så
tungt at senga
knekte?



Søndagsskolen – mer enn du tror

Arrangement på Alværa

31. mai: Dugnad

01. juni: Alværastemnet kl 11.00 med gudsteneste, middag, ettermiddagssamling og årsmøte.

13.-15. juni: Familieleir

11.-13. august: Sommarleir for 2.-7. klasse.

Velkommen til dugnader på gravplassane

Det vert dugnad på gravplassane – både i Vadheim og på Kyrkjebø før påske. Fylg med på oppslag og i sosiale medium: «Det skjer på Kyrkjebø» og «Det skjer i Vaim». På Øvre Sæbø gravplass blir det dugnad laurdag 26. april kl. 12.00, ved Lavik kyrkje tysdag 29. april kl. 17.00, i Bjordal torsdag 24. april kl. 17.00 og i Ortnevik tysdag 29. april kl. 17.00.

Karneval



Fastelavnssøndag var det karneval i Ortnevik Grendehus etter dåpsgudstenesta i kyrkja.

Vipps til nr. 110089
«Gåve til Helgestunder»



Høyanger Kyrkjelege Fellesråd

#110089

Kvittering

Innbetalt til konto

3705 24 53659

Beløp

Betalerens kontonummer

Blankettnummer

Betalingsinformasjon

Gåve til Helgestunder

GIRO

Betalings-
frist

Underskrift ved girering

Betalt av

Betalt til

Høyanger kyrkjelege fellesråd

Postboks 159

6991 Høyanger

Belast
konto

Kvittering
tilbake

Kundeidentifikasjon (KID)

Kroner

Øre

Til konto

Blankettnummer

<

>

3705 24 53659

FORNØGDE TÅRNAGENTAR



I vinter/vår har det vore tårnagenthelg i Bjordal, Kyrkje-bø, Høyanger og Lavik kyrkje. Vi har prata med 3 av agentane i Lavik kyrkje – Gabriel Augustin, Noomi Aurora og Samuel Angel. Gabriel Augustin var med for første gong, medan dei 2 andre er erfarne tårnagentar.

- Kva hugsar de frå tårnagenthelga?

Vi smakte på ting. Vi fekk bind for augo og så skulle vi gjette kva vi smakte på. Vi gjekk opp i kyrkjetårnet, vi hadde hinderløype og spiste flaggermussuppe.

- Kva var det kjekkaste?

Gabriel Augustin: Hinderløypa for då fekk vi godteri. Vi hadde bind for augo og prøvde å fin-



ne godteri i ei ein stor plastboks med ris.

Noomi Aurora: Stjernerebusen. Bak stjernene var det ein rebus og eit lite bilde av staden vi skulle finne. På kvar post fann vi lapp med ein bokstav og når vi laga ord av dei vart det dåpsdag, nattverd og bibel.

Samuel Angel: Agenttips. Vi smakte, lukta, følte og hørde – vi brukte sansane og øvde oss på å bruke dei for å bli ein betre agent.

- Var noko skummelt?

Ja – å gå opp i tårnet. Nokre plasser var det ganske mørkt. Her var det fullt av falske edderkoppar og flaggermus – og sannsynlegvis nokre ekte også.

- Søndag var det tårnagentgudsteneste. Kva gjorde de då?

Vi song tårnagentsongen. Vi var med på teater om då Jesus vart døypt, og vi song «Må Gud velsigne deg» til dåpsbarnet Ada Olava.

- Til slutt: Vil de vere med på fleire tårnagenthelgar?

JA!

Toril Lange



MED ÆNGSTET SIND OG HJARTET KNUST

Du har nok høyrte om sjangeren; Skillingsviser. Men kva er egentleg ei skillingsvise? Eit raskt søk på verdsveven fortel at ei skillingsvise er eit tonesett dikt som vart trykt i små songhefte i Skandinavia i perioden 1550 til 1950. Songhefta vart selde for ein skilling eller to, og slik fekk dei namnet skillingsviser. Skillingsvisene er mellom dei eldste trykksakene vi har i Norge, og i fire hundre år var dei den mest populære songlyriske sjangeren vi hadde.

Skillingsviser handlar om alt mellom himmel og jord, men det er likevel to tema som dominerer: kjærleik og religion.

Kjærleik er også tema for skillingsvisa som Silje Sørebo har laga ei førestilling om; Med ængstet Sind og Hjartet knust. Forteljeframsyninga fortel historia om ei gammal skillingsvise frå Ytre Sogn, og vi får høyre om ungdomskjærleik, knuste hjarte og nytt håp.

Laurdag 8. februar inviterte fleire ulike lag og organisasjonar på sørsida til kulturkveld i Bjordal skule der førestillinga vart synt fram. Silje Sørebo hadde rolla som forteljar og Erlend Os var trubadur.

Og for dei om lag 50 frammøtte vart det ein minnerik ettermiddag. For fleire vart det også eit møte med slektningar frå 1800-talet:

Ein sentral person i forteljinga er Kari. Kari vaks opp på Søreide, men gifta seg etterkvart på Sørebo. Ho har mange etterkommarar i Bjordal og på Søreide og er mellom anna Silje si tippoldemor. Visa er ført i pennen av Gunnar Tangen som vaks opp på Tangen i Instevik. Gunnar og Kari hadde lenge eit godt auge til kvarandre, men Kari valde etter kvart annleis. Dette var eit tungt slag for Gunnar, og å skrive ned historia i form av ei skillingsvise var kanskje hans måte å komme seg gjennom kjærleikssorga. Seinare fekk han høve til å studere teologi, han vart prest og hadde arbeid fleire ulike stader. Slik handlar forteljinga også om det å komme seg vidare; om nye sjansar og nytt håp.

Etter førestillinga var det kaffi, sveler og kake. Å møtast på tvers av generasjonar og bygdelag har stor verdi, og praten gjekk livleg.

Arrangementet var eit samarbeid mellom Bjordal og Ortnesvik sokneråd, Fuglsetfjorden bygdekvinne- og Pensjonistforbundet Høyanger Sør og LivOGLyst. Og konklusjonen er klar: Dette kan vi gjere meir av!

Takk for samarbeid og takk til Silje og Erlend for opplevinga dei gav oss! Velkommen tilbake!

Inger Cesilie Fitje



NYTT FRÅ KYRKJEVERJA

Då har me kome oss godt i gong med 2025. Vintren har så langt vore utan stor dramatikk i arbeidet vårt. Litt kulde har det vore – med barfrost, men ingen frostskeidar. Lite snø, og vinden har spart oss for skadar. Berre i samband med julekonserten i Ortnevik gav vêret utfordringar. Vinden stoppa ferja og regnet utløyste eit ras, slik at eit følgje på fem ikkje kom seg heim til Vadheim, Kyrkjebø og Høyanger den kvelden. Dei fekk mat og husrom i Ortnevik, og morgonen etterpå gjekk ferja.

Ortnevik kyrkje får elles mykje merksemd i år. 100-årsjubileet 5. oktober 2025 nærmar seg, og bygging av HC-toalett og universell tilkomst er snart i gang. Komiteen for sjølve arrangementet byrjar å få klare planane for tilstellingane, og alle interesserte må setje av datoen. Då blir det festgudsteneste med mange inviterte og vitjing av biskop Ragnhild Jepsen. Seinare på dagen blir det også konsert med Sigrid Moldestad. Festskriftkomiteen er og godt i gang med sitt arbeid, og ber alle som har bilete frå historia til kyrkja, om å melde frå og dele desse.

Det nærmar seg årsavslutning for rekneskapen, og økonomisk vil vi kome oss meir på offensiven. Det er bra, for det manglar ikkje på prosjekt og vedlikehaldsoppgåver. Eg får inn ønsker og påminningar både når det gjeld gravplassar og kyrkjer. Det er flott at folk bryr seg, og dette syner at kyrkjer og gravplassar er verdfulle for oss.

Ei viktig oppgåve for kyrkjeverja er ansvaret eg, på vegne av Høyanger kyrkjelege fellesråd, har i høve gravmynde. Alle skal kjenne seg velkomne på grav-

plassane – på tvers av livssyn og tru. Å utøve dette mynde på ein livssynsopen måte er viktig. At historia vår har gjort at nett denne oppgåva ligg til kyrkjelege organ, skal ikkje vere til hinder for at alle skal kjenne seg aksepterte med sitt livssyn. Gravplassane er under statleg forvaltning, og statsforvaltaren i Telemark og Vestfold har fått eit særleg ansvar for å følgje opp dette. Lovverket og forskrifter blir jamleg fornya, og dette er noko me må følgje opp lokalt. No står også ein revisjon av vedtektene for gravplassforvaltninga i Høyanger kommune for tur, og meir informasjon vil kome her og på nett ettersom me blir klare med dette arbeidet.

Det nærmar seg vår med sein påske, og rett etterpå, mai med sine festdagar. Ikkje minst konfirmasjonsdagane er stor stas. I denne tida ynskjer me at kyrkjene, kyrkjegardane og gravplassane skal vere fine og trivelege. Dette er eit felles ansvar, og sokneråda inviterer til dugnader! Det er trivelege og meningsfulle arrangement der det betyr mykje at DU er ein av dei som deltek – med dette har du fått utfordringa!



VIL DU VERE MED Å BIDRA TIL INNHALDET I HELGESTUNDER?

Har du ei god historie frå arbeidet i kyrkja, ein aktivitet du vil gjere betre kjent, ei anekdote som fleire har glede av å lese? Frist for innsending av stoff til neste nummer vert torsdag 25. mai, - send til kyrkjekontoret: post.hoyanger@kyrkja.no



I glede og sorg

DØYPTE:

Kyrkjebø

17.11.24 Ella Holvik Loftesnes
17.11.24 Andrea Ying Høyvik
09.02.25 Leo Nikolai Nese Olsen

Ikjefjord, Bjordal og Ortnevik

24.11.24 Andreas Vinda Solli
16.02.25 Amund Kalstad
02.03.25 Amanda Dyrddal

Lavik og Alværa

19.01.25 Ada Olava Halbrend Fjeldsaunet
26.01.25 Adelhen Therese Krogsæther Rodriguez Lopez
26.01.25 M. Hansen Strømmen
09.03.25 Håvard Aamot Haugen
09.03.25 Tuva Raasholm Johansson

Førde

08.12.24 Oliver Sigdestad Ljotebø



DØDE

Høyanger

Rolf Peder Rødahl	09.05.1947- 06.12.2024
Steinar Systad	16.05.1940 - 28.12.2024
Halfrid Bjordal	05.03.1942 - 28.12.2024
Per P. Øren	25.10.1936 - 10.12.2024
Thorbjørn Sværen	24.02.1944 - 28.01.2025
Gunbjørg Oddny Norevik	20.07.1941 - 04.02.2025
Arvid Fristad	25.12.1952 - 06.02.2025
Frank Dønnem	04.05.1966 - 09.02.2025

Kyrkjebø:

Steinar Østerbø	27.09.1934 - 12.11.2024
-----------------	-------------------------

Vadheim:


Margit Hellem	13.08.1941 - 09.02.2025
---------------	-------------------------

Lavik:

Henry Hjelmeland	20.06.1941 - 09.12.2024
Ingrid Nyland	03.04.1935 - 31.01.2025

Bjordal:

Solveig Søreide	10.06.1924 - 20.01.2025
-----------------	-------------------------



*Lat oss halde urokkeleg fast på vedkjenninga av vona, for han som gav lovnaden er trufast.
Og lat oss ha omtanke for kvarandre, så vi oppgløder kvarandre til kjærleik og gode gjerningar!
Hebr. 10.23-24.*

Gudstenester

2. APRIL, ONSDAG

Kl. 19, Høyanger: Samtalegudsteneste.
A. Ester / H. Dahlstrøm

6. APRIL: 4. SØNDAG I FASTETIDA

Kl. 11, Høyanger: gudsteneste med dåp
A. Ester / H. Dahlstrøm
Kl. 18, Lavik: gudsteneste, konfirmantane deltek
IC Fitje / H. Dahlstrøm

13. APRIL: PALMESØNDAG

Kl. 11, Vadheim: gudsteneste. *R. Musui-Li / H. Dahlstrøm*

17. APRIL: SKJÆRTORS DAG

Kl. 16, Ortnevik: gudsteneste. *IC Fitje / A. Brekke*
Kl. 19, Lavik: Gudsteneste m/påskemåltid. *A Ester / H Dahlstrøm*

19. APRIL: LAURDAG, PÅSKENATT

Kl. 23.30, Kyrkjebø: Pasjonsgudsteneste. *A Ester / G. Gunnarson*

20. APRIL: PÅSKEDAG

Kl. 11, Lavik: gudsteneste. *IC Fitje / H Dahlstrøm*
Kl. 16, Bjordal: gudsteneste. *IC Fitje / P. Jobbagy*
Kl. 14, Høyanger: Friluftsgudsteneste m/påskeeggjakt. *A Ester / H Dahlstrøm*

1. MAI: TORSDAG

Kl. 18, Høyanger: 1. mai gudsteneste. *A Ester / H Dahlstrøm*

3. MAI: LAURDAG

Kl. 11, Høyanger: Konfirmasjonsgudsteneste
Kl. 13, Høyanger: Konfirmasjonsgudsteneste. *A Ester / H Dahlstrøm*

10. MAI: LAURDAG

Kl. 11, Kyrkjebø: konfirmasjonsgudsteneste
Kl. 13, Vadheim: konfirmasjonsgudsteneste. *A Ester / H Dahlstrøm*

11. MAI: 4. SØNDAG I PÅSKETIDA

Kl. 11, Bjordal: konfirmasjonsgudsteneste. *IC Fitje / P. Jobbagy*

17. MAI: NASJONALDAGEN

Kl. 11, Bjordal: gudstenest. *IC Fitje / P. Jobbagy*
Kl. 11.30, Vadheim: gudsteneste. *A Ester / H Dahlstrøm*
Kl. 13, Ortnevik: gudsteneste. *IC Fitje /*
Kl. 13.15, Lavik: gudsteneste. */ P. Jobbagy*
Kl. 13.30, Kyrkjebø, gudsteneste. *A Ester / H Dahlstrøm*

29. MAI: HELGETORS DAG

Kl. 11, Lavik: konfirmasjonsgudsteneste. *IC Fitje / P. Jobbagy*

1. JUNI: SØNDAG FØR PINSE

Alvæ rastemnet kl. 11.00.

8. JUNI: PINSEDAG

Kl. 12, Høyanger: gudsteneste ute og inne sommarfest. *A Ester / H Dahlstrøm*

9. JUNI: 2. PINSEDAG

Kl. 15, Måren: Friluftsgudsteneste. *A Ester / H Dahlstrøm*



NB: Det kan skje endringer! Følg med på Facebook, plakatar eller på: www.kyrkja/hoyanger/

INFORMASJON

Returadresse: Høyanger kyrkjekontor, Postboks 159, 6991 Høyanger

DØR-TIL-DØRAKSJON

6.-8. APRIL



Fasteaksjonen gjev grønt håp midt i tørke

Takk vere fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp, der mange millionar kroner blir samla inn i kyrkjelydane i Noreg kvart år, kan Kirkens Nødhjelp bidra til at fleire får tilgang til vatn og kan skaffe seg mat og eit levebrød.

Avlingar har kollapsa over heile Zambia i den verste tørken på 20 år. Men det finst unntak: I eit av dei verst råka områda har dei greidd å dyrke mat gjennom heile tørka.



«Kom og sjå», syng Catherine Mweemba (63) høgt medan ho dansar på åkeren, midt blant ei gruppe kvinner som står bøygde over jorda og hakkar. Ansiktet til

Catherine sprekk opp i eit stort smil.

Dei andre kvinnene syng tilbake: «Kom og sjå kva vi dyrkar her! Kom og sjå at vi plantar, kom og sjå at vi vatnar, kom og sjå kva vi haustar!»

Catherine Mweemba kjem hit tre gongar i veka for å dyrke grønsaker. I denne grønsakhagen blir det dyrka mais, tomatar, kål og belgfrukta okra.

Det har vore tørke i heile 2024 i store delar av det sørlege Afrika. Zambia er eit av dei hardast råka landa. Regntida i slutten av 2023 varte berre i tre veker.

GRØNT UNDER TØRKA

– Mange har ikkje hausta noko i det heile i løpet av det siste året, fordi det ikkje har regna. Så det er mykje svolt i dette distriktet, fortel Caroline Mwe-wa frå ADRA, ein partnerorganisasjon som Kirkens Nødhjelp samarbeider med her.

– Her viser vi måtar å dyrke på som er berekraftige og som faktisk verkar, sjølv i situasjonar som tørke, fortel Mwewa.

Dei som bur i området, kan kome hit og lære å dyrke grønsaker med såkalla dryppirrigasjon. Kirkens Nødhjelp og partnerorganisasjonen vår har sørgd for vatn. Ei solcelledriven vasspumpe pumpar vatn frå eit borehol opp til to store vasstankar. Derfrå blir vatnet ført ut gjennom slangar med små hol, så vatnet dryp i jorda akkurat der plantane er.

– Som regel har folk berre venta på regntida, og så venta til neste regntid året etter med å så. Men ein kan dyrke heile året, så lenge ein har tilgang til vatn.

Dei som er med, kan òg selje grønsaker, og dei deler inntektene. Ein vasstasjon er òg sett opp, og mange har òg byrja med dryppirrigasjon i sine eigne grønsakhagar heime.

HAR FÅTT INNTEKT

Winnie Milambo har dottera på åtte månader i eit sjal på ryggen medan ho haustar mais. Winnie er gift og har seks barn. To gongar i veka kjem ho hit. Ho har òg ein grønsakhage heime, der ho har planta mais.



– Gjennom dette har eg fått ei inntekt, fortel ho. For inntektene har ho kjøpt to geiter.

– Når eg får endå fleire geiter, kan eg selje nokre og tene meir pengar. Pengane eg tener går òg til skolepengar for barna mine, og til å kjøpe mat. Det har betydd ei stor endring for meg.

Tekst: Åsne Gullikstad Foto: Håvard Bjelland